

## Hageeigarar

No er det vår og tid for rydding rundt hus og i hage. Teknisk avdeling i Skodje vil tilby hageeigarar i kommunen å levere greiner/kvist etter opprydding i hagen.

Leveringsstad: Prestemarka, syd for gartneriet.

Opningstider: Måndag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Det som kan leverast er greiner og kvister.

Ta kontakt med teknisk avdeling.

## Hundeeigarar

Vi vil oppmode alle hundeeigarar om å fjerne ekskrement etter hundane når ein er ute på tur.

Dette gjeld spesielt langs kommunale vegar og gangvegar. Vi kjem med denne oppmodinga, då det har kome ein del klager på hundeeskrement på og langs gangvegar og kommunale vegar.

## Bråtebrenning

Det er forbode å brenne bråte i tidsrommet 15. april - 15. oktober Husk brannfaren, og vis miljøansvar. Ta omsyn til naboar og andre.

## Loft- og kjellarrydding

Alle som er med på den ordinære renovasjonsordninga kan få levere til loft- og kjellarrydding. Det som **kan leverast**, er slikt som høyrer inn i eit husvære, til dømes:

- Kvitevarer (kjøleskap, frysarar, komfyrar, vaskemaskiner, osv.)
- Møblar
- Syklar, barnevogner, plenklipparar m.m.

Det må ikkje pakkast avfall i kvitevarene då desse skal sortierast vekk frå det andre avfallet og leverast for seg sjølve. Mindre gjenstandar må pakkast i sekkar eller kasser. Bruk **ikkje** dei ordinære renovasjonssekkane til dette.

**Kvitevarer (komfyrar og vaskemaskiner) skal samlast saman med kjøle- / frysevarer og anna EE-avfall. Dette avfallet skal settast i grupper.**

Av ting som **ikkje kan leverast**, kan nemnast:

- Større bildelar, jordbruksreiskaper og liknande
- Greiner og anna hageavfall
- Brennbart materiale

## Ekstra papp og papir

Ekstra papp og papir kan leverast i driftsbygning/fjøset ved Prestemarka Produkt, der kommunen har ei papirpresse ståande. Levering på kvardagar mellom kl. 08.00 og kl. 16.00 (måndag – fredag).

Køyrerutene for papirinnsamling tilsvarar rutene for hushaldsavfall (renovasjon), men går på andre dagar og berre ein gong kvar månad. Sekkane/kassene skal vere sett fram til vegkant kl. 07 på hentedagen.

- Vanleg restavfall, spesialavfall, glas / glasaruter, kle og sko

I år er rutene som vert køyrde i samband med loftsryddinga slik:

### Rute 10: Laurdag 6. mai

Skodje kyrkje, klungrebakken, Korsvegen, Sjøvegen, Samvirkelaget (gamle Prix), Prestemarka, austover langs riksvegen på begge sider frå Prestemarka, Nymarka, Spireavegen (sideveg til Liavegen), Liafeltet, Lia Vest, Rølandsfeltet, Skodjevågen, Svorta, Flåte og Brusdalen.

### Rute 9: Laurdag 20. mai

Stavset, Stette, Straumen, Grindvika, Berget, bustadfelt v/ungdomsskolen, Skodje Ytre, Ytreskodje, Grushola, Utvika og Mørkeset.

### Rute 9: Laurdag 27. mai

Stigefeltet, Engesetdal, Fylling, Reitane, Røane, Lundbøen (Larspetterplassen), Vågshøgda, Furlia, Håhjem, Valle og Glomset.

Avfallet må settast fram til veg før kl. 07.00 som vanleg.

## Avfallssekkar

Vi minner på nytt om at det ikkje er høve til å levere avfall i sekkar som ikkje er merka SKODJE KOMMUNE. Til orientering vert det ny utlevering i løpet av veke 26, 27 og 28 av både plast og papirsekkar. Sekkane som vert utleverte skal vare frå 01.08.06 til 01.08.07.

Har du fullt abonnement får du utlevert 2 rullar med plastsekkar (52 stk) + 12 stk papirsekkar. Ved redusert abonnement får ein utlevert ein rull med plastsekkar (26 stk) + papirsekkar. Skal du på ferie, eller er bortreist over lengre tid, må du syte for at dei blir teke hand om av naboer eller andre.

## Papp, papir og drikkekartongar

2006	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Rute 9	Fre. 13.	Fre. 10.	Fre. 10.	Fre. 21.	Fre. 12.	Fre. 9.	Fre. 14.	Fre. 11.	Fre. 8.	Fre. 13.	Fre. 10.	Fre. 8.
Rute 10	Fre. 20.	Fre. 17.	Fre. 17.	Fre. 28.	Fre. 19.	Fre. 16.	Fre. 21.	Fre. 18.	Fre. 15.	Fre. 20.	Fre. 17.	Fre. 15.

# «Der menneske møtest»

Fredskorpset har invitert Skodje kommune til å vere med å arrangere DMM, som er eit konsept Fredskorpset har utvikla som eit ledd i målsetjinga om å arbeide for, og motivere til, engasjement for nord-sør spørsmål. Dette er også eit av FN sine tusenårs mål.

Som faste element i DMM er skulebesøk, framtidswerkstad og eit festarrangement. I samband med festarrangementet vil Skodje kommune få tildelt ein hedersbetegnelse frå Fredskorpset, som «Internasjonal kommune». Skodje kommune arrangerer DMM i veke 17. Lag og organisasjonar er blitt invitert til å delta med ulike aktivitetar.

## PROGRAM

### «Der Menneske Møtest» i SKODJE

Tysdag 25.04 kl 19: Konsert med kor og korps frå Skodje i Idrettshallen

Konferansier: Øystein Strømsvik.

Tysdag 25.04 og onsdag 26.04: Fredskorpsdeltakarar besøker skulane

Onsdag 26.04 kl 19: Internasjonal fest i Idrettshallen klokka 19. Konferansier: Øystein Strømsvik. Program: foredrag, musikkinnslag, enkel servering.

Torsdag 27.04 kl 14-16: Framtidswerkstad på Skodje Rådhus (kommunestyresalen) for inviterte gjester.

Torsdag 27.04 kl 18-20: Stort festarrangement «Der Menneske Møtest» i Idrettshallen. Programleiar Harald Grytten.

QUEENDOM – med utdrag frå forestillinga «Integrert som faen» - gruppa er mellom anna kjent frå Beat for Beat på NRK, teater og plater, teatergruppa sitt varemerke er varm, sjølvironisk humor, Barnekoret Jubalo, Karin Fjortoft Kjerstad, Kari Solholm, Ivar Morten Normark, ordføreren i vennskapskommunen Voi og Skodje får hedersbetegnelsen Internasjonal kommune (gratis inngang).

Enkel servering og presentasjon av stands frå klokka 17.

**Vi håper innbyggjarar i Skodje har lyst til å vere med på desse arrangementa!  
Vel møtt!**

## Kommunedelplan for del av Solnør-vassdraget

### Utlegging til offentlig ettersyn av interkommunalt planarbeid.

Kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog har tidlegare gjennomført ein koordinert planprosess fram til vedtekte kommunedelplanar for sine delar av Solnør-vassdraget. Møre og Romsdal fylke har vore koordinator for arbeidet.


Rulleringa er tidlegare meldt oppstarta. Det er no utarbeidd forslag til plan med føresegner. Alle kommunane har vedteke at planforslaget med føresegner skal leggst ut til offentlig ettersyn i tidsrommet **8.april til 10.mai**.

Mer informasjon (saksutgreiing, kart) finst på Skodje kommune sine nettsider [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no).

Merknader til planen skal sendast til:

Rådmannen, Skodje kommune,  
6260 Skodje

**innan 10.mai.**



"Kommunenytt" er utgittv Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Jarl Anders Moe og Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredkapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)